



Statforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2

Dykkar ref.:

Vår ref.:
20/4477 - 19 / ANT

Dato:
05.02.2021

Retur av sak - byggesak - gbnr 152/29 - Snekkevika - oppføring av nedbrent SEFRAK - registrert våningshus - Kristianhuset- Svar frå Austrheim kommune

Austrheim kommune viser til brev frå Statsforvaltaren i Vestland datert den 28.01.2021 «**Retur av sak - Byggesak - Austrheim - 152/29 Snekkevika - oppføring av nedbrent SEFRAK-registrert våningshus - Kristianhuset**» til Austrheim kommune. Statsforvaltaren i Vestland sitt referansenr. i denne andre klagesaka er 2021/969.

Austrheim kommune ber om at Statsforvaltaren i Vestland handsamar klagen som de fekk oversendt frå Austrheim kommune den 15.01.2021. Dette som de tek opp i dykkar skriv **Retur av sak- byggesak** -gbnr. 152/29 i brev datert den 28.01.2021 til Austrheim kommune har ingenting med denne første klagen å gjera, sjølv om det sama byggesak. Dette er ein anna part i saka, enn kva de fekk til handsaming frå Austrheim kommune. Det er såleis parten som har påklaga dette vedtaket i klage datert den 27.11.2020 frå United States of America de no skal handsama. Det er Arnum Family eiere av gnr 152 bnr 11, denne klagen kom inn innan klagefristen og skal handsamast hjå Statsforvaltaren på vanleg måte no. Me ber om at det vert gjort.

Austrheim kommune synes såleis det er naturleg at Statsforvaltaren i Vestland handsamar denne første klagesaka vidare no, og ikkje blandar desse to ulike «klagane» saman. Den siste klagen som kom den 18.01.2021 er vorte avvist av Austrheim kommune, det kan sjølvstakt klagast på, men det er ein anna sak. De har og fått kopi av dette avvissingsvedtaket som vart fatta den 04.02.2021, men det er og vedlagt dette skrevet. Ring meg gjerne om de lurar på noko, min tlf. er 56162141 eller e-post: asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no.

Dette til orientering.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Avvising av klage på vedtak - Søknad om dispensasjon til oppføring av nedbrent SEFRAK-registert våningshus - Kristianhuset - gbnr. 15229 - Snekkevika

Kopi til:

Even Nordø
Jan Nordø
Laila Nordø

Hoplandssjøen 74 5943

AUSTRHEIM

Mottakere:

Statforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2